



Saksfremlegg

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
	26.05.2026	Hovedutvalg helse, sosial og omsorg
	18.06.2026	Kommunestyre

Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Hustadvika kommune

Kommunedirektørens innstilling

1. Hustadvika kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerende direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommunar for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Samandrag

Det vert foreslått å endre samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane slik at representantane i Strategisk samarbeidsutval (SSU) skal vere frå toppleiinga i både helseføretaket og kommunane. Målet er å styrkje det strategiske samarbeidet og sikre betre dialog og meir forpliktande oppfølging mellom partane.

Ny avtale vert foreslått å gjelde frå 01.10.2026, og kommunedirektørane får ansvar for å samarbeide om val av nye kommunale representantar med regional representasjon frå heile fylket.

Saksopplysningar

Bakgrunn og formål

Helsefellesskapet i Møre og Romsdal har siste året vurdert organisasjonsstrukturen og samanlikna seg med andre helsefellesskap. Helsefellesskap Møre og Romsdal skil seg ut når ein samanliknar representasjonen i strategisk samarbeidsutval, heretter SSU. Andre helsefellesskap peiker ut representantar som i hovudsak er henta frå dei to øvste leiarnivåa i både helseføretak og kommune. I Møre og Romsdal er det ikkje direkte val av representantar til SSU, men ein modell der leiar og nestleiar i dei lokale samarbeidsutvala skal ha desse plassane. Tanken har vore å sikre gjennomgåande representasjon, noko som i nokre saker kan vere føremålstenleg.

Møre og Romsdal skil seg og ut ved å vere eit av helsefellesskapa som har lokale samarbeidsutval. Desse utvala er oppretta som samarbeidsutval rundt kvart lokalsjukehus med representantar frå tilhøyrande kommunar. Når toppleiinga ikkje deltek i dei lokale samarbeidsutvala, fører dette til at toppleiing heller ikkje blir representert i det strategiske samarbeidsutvalet.

Kvifor opplever ein at dette er problematisk eller uheldig ?

I Møre og Romsdal har ein hatt erfaring med at viktige saker mellom sjukehusa og kommunane ikkje vert drøfta i strukturen i helsefellesskapet, men handtert utanfor dette. Noko av årsaka kan vere at helsefellesskapet har ein struktur og samansetting som ikkje er eigna til å drøfte eller ha dialog om overordna og strategiske saker, når det er forventa forpliktande oppfølging frå partnerane, eller at tidsaspektet gjer at ei drøfting i helsefellesskapet ikkje vert vurdert å vere tenleg.

Vurdering

Forarbeid og vurderingar

Med dette som bakgrunn sette SSU ned ei arbeidsgruppe hausten 2025 som skulle kome med framlegg til mål og strategi for helsefellesskap Møre og Romsdal. Utvalet var samansett av tre klinikksjefar frå helseføretaket i tillegg til tre kommunedirektørar / ass. kommunedirektør frå kommunane. Utvalet har levert på oppdraget om framlegg til mål og strategi, men konkluderte også med behov for å sjå på representasjonen i SSU. Utvalet vurderte at dersom helsefellesskapet skal vere ein arena for forpliktande endringstiltak som t.d kan omfatte oppgåveforskyving mellom helsenivåa, er representasjon i SSU med toppleiing frå begge helsenivåa avgjerande.

SSU ba i sitt møte 21.01.2026 om at arbeidsgruppa som hadde jobba med mål og strategi, ikkje skulle avslutte sitt arbeid, men førebu eiga sak om representasjon for oppfølging i utvalet.

Frå vedtaket i SSU 18.03.2026:

1. SSU støtter utarbeidd framlegg om å endre Samarbeidsavtalen Pkt 5.2.1.a med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerende direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Endring av samarbeidsavtalen pkt 5.2.1.a vert vidare handsama i partnerskapsmøte 7.mai 2026. Ved positivt vedtak i partnerskapsmøtet om endring i samarbeidsavtalen, vert det følgd opp med felles saksutgreiing til kommunestyra og føretaksstyret, med sikte på oppnemning av nye representantar hausten 2026.

I forarbeidet til saka er vurdert om endringsforslaget er ei mindre justering i form av oppdatering eller utviding, eller om endringa er vesentleg for partane. Samarbeidsavtalen pkt 10 gir Partnerskapsmøte høve til å gjere naudsynnte oppdateringar eller utvidingar, men arbeidsgruppa vurderte at saka er ei vesentleg endring av samarbeidsavtalen, noko som krev styrebehandling av partane som tidlegare har godkjent avtalen.

Ved handsaming av saka i SSU vart det og peika på at det er relativt kort tid sidan samarbeidsavtalen sist vart vedteken av partane, rundt årsskiftet 2024/2025, og at ei endring av avtalen må vente til neste ordinære revisjon hausten 2028, sjølv ein ikkje er usamd i innhaldet i behovet for endring.

Ei anna ulempe som har vorte trekt fram er at engasjerte partsrepresentantane som sit i SSU i dag, vil verte skifta ut etter kort tid i utvalet. Oppnemning av nye representantar vil medføre ei ny runde med opplæring og informasjonsutveksling og tid til å etablere ei ny rolle for SSU i helsefellesskapet. Med nye representantar og truleg nye fokusområde og ein annan dynamikk for samarbeid mellom partnarane, vil dette og endre samspelet med andre utval i helsefellesskapet og samarbeidssekretariatet.

Desse endringane representerer i første rekke nye moglegheiter for eit helsefellesskap som i større grad enn før kan utfordra helsenivåa på dialog rundt viktige helsepolitiske utfordringar i vårt fylke.

Når ein vel å ikkje utsette saka til 2028 grunnar dette i at ein vurderer at ulempene med å utsetje endringa medfører tap av formelt samarbeid på toppnivå mellom partane i minst 2 år. Når partane i tillegg viser seg å vere samde om endringsbehovet, vil samordninga av sak til styret i Helse Møre og Romsdal og det enkelte kommunestyre, enkelt kunne utarbeidast i fellesskap.

Formalitetar

Partane plikter å ha ein samarbeidsavtale, jf. kap.6 i "lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.", første avsnitt. Her går det også fram at det er "kommunestyret selv" som må fatte vedtak, noko som betyr at vedtak som gjeld samarbeidsavtalen ikkje kan delegerast til andre organ.

§ 6-1. Plikt til å inngå samarbeidsavtale

Kommunestyret selv skal inngå samarbeidsavtale med det regionale helseforetaket i helseregionen eller med helseforetak som det regionale helseforetaket bestemmer. Kommunen kan inngå avtale alene eller sammen med andre kommuner.

Representasjonen til strategisk samarbeidsutval er regulert i samarbeidsavtalen som er inngått mellom Helse Møre og Romsdal HF og kvar kommune i Møre og Romsdal. Kommunane i Møre og Romsdal har samarbeidd om ein likelydande samarbeidsavtale for alle kommunane i fylket.

Etter samarbeidsavtalen skal Partnerskapsmøtet årleg gå gjennom inngått samarbeidsavtale med sikte på å gjere nødvendige oppdateringar eller utvidingar, jf. Samarbeidsavtalen pkt 5.1.3 f)

SSU på si side har eit overordna ansvar for at samarbeidsavtalen vert fulgt opp og skal m.a fremje saker til partnerskapsmøtet, jf. Samarbeidsavtalen punkta 5.2.3 a) og h).

Forankring og konsekvensar

Saka har vore drøfta breidt og har vore handsama i desse formelle foruma:

- Foretaksledelsen i Helse Møre og Romsdal
- dei tre interpolitiske råda (SRR, RIPR NIPR),
- Kommunedirektørutvalget i Møre og Romsdal
- Fylkesstyret i KS i Møre og Romsdal og
- Partnerskapsmøte i Møre og Romsdal 7/5-2026

Alle instansane har støtta ein prosess om å gjere endring i representasjonen i SSU.

Partnerskapsmøtet som er øvste organet i Helsefellesskapet handsama saka i møte 7/5-2026 og gjorde slikt vedtak:

1. Partnerskapsmøtet for helsefellesskap Møre og Romsdal ber partane i helsefellesskapet å endre Samarbeidsavtalen pkt 5.2 Strategisk samarbeidsutval (SSU) - nivå 2 i helsefellesskapet, nærare spesifisert til endring under punkt 5.2.1 Samansetting, punkt a) med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representerane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Partnerskapsmøtet ber partane, styret for Helse Møre og Romsdal HF og kvart av kommunestyra i Møre og Romsdal, om å gjere endringsvedtak i tråd med pkt 1 snarast og seinast innan 01.10.2026.

Partane vel nye partsrepresentantar innan same frist den 01.10.2026.

Med dette som bakgrunn ber ein om at kommunestyra og styret i HMR fattar positivt vedtak og føl opp utpeiking av nye representantar snarast, slik at det nye SSU kan settast saman som nytt utval frå 01.10.2026.

For kommunane medfører endringa at kommunane må samordne utpeiking av sine representantar på ein måte som sikrar ein representasjon som gjenspeglar regionane i fylket. Ein tilrår at kommunedirektørane gjer dette i eigna utval som samlar alle kommunedirektørar i fylket.

Ein av konsekvensane av å endre representasjonen i SSU, medfører utskifting av heile utvalet slik det er samansett i dag, med unntak av brukarrepresentantar og samhandlingslege. Ein vil gjennom dette misse ein kompetanse som er i dagens utval, men vurderer at ulempa med at toppleiinga manglar er ei strategisk vesentleg større ulempe og at ei anna samansetting vil gje grunnlag for dialog av tiltak mot andre samhandlingssaker på helseområdet i Møre og Romsdal

Økonomiske konsekvensar

Endringa i samarbeidsavtalen medfører ikkje direkte økonomiske konsekvensar for kommunane. Eventuelle administrative kostnader knytt til oppnemning av nye representantar og deltaking i samarbeidsutvalet vert handtert innanfor eksisterande rammer.

Klima og miljøkonsekvensar

Endringa i samarbeidsavtalen vert ikkje vurdert å ha klima- eller miljømessige konsekvensar.

Vedlegg:

- 1 Vedlegg Samarbeidsavtalen HMR HF og kommunane Hovudavtale.pdf
- 2 Vedtak Partnerskapsmøte sak 6 Representasjon i SSU.pdf
- 3 Vedlegg Føretaksleiinga HMR HF.pdf
- 4 Vedlegg IPR'ane i Møre og Romsdal.pdf
- 5 Vedlegg KDU Møre og Romsdal.pdf
- 6 Vedlegg Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal.pdf